

Fv 569,

Referat frå møtet 22.11.2013 på Sjøbua Eidsland.

Desse møtte :

Hordaland fylkeskommune :

Fylkesordfører

Seksjonsleiar samferdsels avdelinga

Tom Christer Nilsen

Thorbjørn Aarethun

Statens Vegvesen :

Seksjonsleiar Plan og forvaltning, Voss /Hardanger

Byggeledar Vegseksjonen Voss/Hardanger

Carl Erik Nielsen

Kåre Olav Adal

Vaksdal kommune :

Ordfører

Varaordfører

Eirik Haga

Sigmund Simmenes

Modalen kommune :

Ordfører

Varaordfører

Knut Moe

Kristin Nåmdal

Modalen Eksingedalen billag :

Dagleg leiar

Leiar i styret

Nest leiar

Sveinung Mo

Knut Mo

Arne Normann

Eidsland Grendalag :

Christine Møster

Torunn Eikemo

Åshild Eikefet Lien.

Møtet starta med presentasjon av Eidsland Grendalag , kvifor dei tek opp sak ang FV 569. Tilbakeblikk / historikk / fakta .

Vegvedlikahald og mangel på utbedring.

Reguleringaplan frå 1995.

Forslag til verneplan og spørsmål i Samferdselskommiten i 2005 m/ svar frå dåverande vegsjef Ole Chr. Toorp.

Miljøgevinst.

Rassikringsmidlar.

Ådt

Sjå vedlegg 1

Orientering v/ Sveinung Mo ang. problem for framkomst med dagens gods / turbussar med mer pga for lav tunnelhøgde.

Arbeidet med utvidig / rassikring i 2013, som ikkje vart gjennomført etter prioritert plan som billaget hadde vore med å utarbeidd.

Spørsmål til Fylket og Vegvesnet sine representantar.

Vedlegg 2.

Dette kom fram i møtet:

1. Ny Høgaberg tunnel må prioriterast.
2. Utbedring av eksisterande veg med fjerning av dei tre øverst prioriterte punkta som ikkje vart gjennomfør i 2013.
3. Sikring med rekkverk, gjenoppretting der vegbane er i ferd med å forsvinna på Eikemovatn og på vegen mellom Eidsland og Kalland.
4. Prioritering av nytt vegdekke i 2014 , heile strekinga mellom Kalland og Modalen.
5. Fjerna Fv 569 frå forslag til Verneplan inntil friske midlar er stilt til rådvelde, medhenviing til at alle tiltak vert fordyra pga slikt forslag.
- 6. Trafikk sikker og framkommeleg veg er vårt krav**
Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune sitt ansvar.

- Hordaland fylkeskommune har ikkje fått henvendelse frå Statens Vegvesen ang Fv 569 , problem med framkomst og den dårlege standaren.
- Statens vegvesen må melda inn prioriterte krav til fylket ang problem med for lave tunnelar, behov for rassikringsmidlar, bedre veg vedlikehald, som manglande rekker, utgliding av vegbane og dårleg vegdekke.
- Statens Vegvesen har ikkje fått henvendelsar frå Vaksdal og Modalen kommune ang slike problem.
- Problema med FV 569 har vore meldt inn til Statens Vegvesen frå kommunane i samråd med billaget, og til Hordland Fylkeskommune med krav om at denne vegen må komma med i NTP. Resultat : Nedtemt i fylkesutvalet.

Dette kan ikkje vera rett :

Det har også vore fleire møter og synfaringar ang denne vegen.
Vegen vert ikkje prioritert, midlar til vegen vert ikkje løyvde.

- Reguleringsplan er fortsatt brukbar, men pga utgått frist må den ha fornyelse vedtak.
- Rassikringsmidlar som ikkje vert bruk eine året vert overført til neste år, også der det føreligg godkjende reguleringsplanar, og arbeidet kunne vore starta.
- Vedtak på vern av vegen er ikkje gjort, kommunane har heller ikkje godkjent forslaget til verneplan pga manglande omkjøringsveg.
- Då forslag til denne planen kom opp stansa alt arbeid med vedlikehald i mange år i påventa av: kva kunne utførast , fordyrande tiltak med mer.
Derfor er det eit stort etterslep gjeldane vedlikehald.
- Dei som fortsatt hevdar at vegen må vera i verneplan , har vel eit ansvar her med å skaffa midlar til opprusting før vegen vert heilt stengd.
- Veggen har bedre vegdekke no enn for 5 år sidan ? Det er vegen mellom Modalen og Romarheim som opna i 1996 som omsider har fått fast asfalt dekke, resten av vegen er det kun mindre strekningar som er utbedra, og strekningen Kalland – Modalstunnelen er no dårlegast.
- Miljøgevinst ved å kjøra Fv 569 mellom E 39 Romarheim og E 16 Dalseid, 5 mil kortare veg enn via Nordhordalandsbrua vart lite akseptert.
- All trafikk skulle gå via Hardanger som omkjøringsveg, det er ikkje aktuelt for trafikken mellom E 16 og E 39 ???
- Ådt tala har gått ned på siste teljing, det kom fram i møtet at tala er stipelert pga feil på teljar. Det vart presisert i møtet at trafikken i 2013 hadde vore svært stor , ikkje minst i periodane då E 16 var stengd i Stanghelletunnelen og Gudvanga tunnelen og ved Trengereid. Svært mykje trafikk mellom Sogn , Bergen og Voss med mindre kjøretøy gjekk då denne vegen.
- **Krav om ny Høgabergtunnel må setjast på sakskartet straks.**

- Det er kritisk for Modalen Eksingedalen billag som skal vera konkurransedyktige når dei ikkje kjem fram mellom Dalseid - Starnes – Eidsland med godsbilane / turbussane , bulk og melkebilar.
- Dei hentar varer på Vaksdal, leverar i Arna, lastar opp nye varer til Bergen og tilbake, og kjører då miljø og konkurranse messig rett med varer på bilane tur / retur.
- Denne bedrifta kan fort måtte avikla vist trafikken berre kan gå om Modalen og heile indre strøk vil lida store økonomiske tap i henhold til busetjing, arbeidsplassar og folketal. Distriktet vert nedgradert.
- Dette på grunn av at vegen ikkje vert utbedra med vegbreidde, høge nok tunnelar og sikkerheit.

- **Det er ingen Fylkesveg i Norge med så lave tunnelar. Skiltinga visar :**

- **3 tunnelar med skilthøgde 3,40 m**
- **7 tunnelar 3,50 m**
- **1 tunnel 3.90 m**
- To nye tunnelar uten skilt.

- **I 2009 var den 5 millionar til utbedring på denne vegen.**
Den kom først i gang i 2013, og ein fekk då mindre utført for same summen.
- **19 tiltak vart sett opp til denne utbedringa.**
Eit samarbeid mellom Vegvesnet og Billaget.

- Av dette er :
- **12 tiltak utført**
- **4 tiltak delvis utført**
- **3 IKKJE UTFØRT.**

- Det var dei tiltaka som var prioritert som nr 1- 2 -3 på lista pga uframkommelegheit for større bilar.
- Dette vart begrunna med altfor høge skjæringar, vanskeleg arbeid, tunge tiltak og for farleg å arbeida der, (det siste er eit sitat frå entreprenøren).

- Dei tiltaka som er utført er gode tiltak, utenom dei to rekkene som er støypt og der vegen har fått mindre vegbreidde enn tidlegare. Det kan vel tvilsamt kallast veg utbedring.
- Det har vore synfaringar og politiske tiltak for å setja denne vegen på sakskarten dei siste 30 åra, der resultatet er at vegen har vorte ned prioritert i forhold til andre vegar .
- Dette kan ikkje fortsetja, for då vert vegen uframkommeleg og kven vil ta på seg slikt ansvar ?

Det kom opp ein del spørsmål i møtet som no er lagt til på tidlegare utdelt skriv med spørsmål til Fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Sjå vedlegg 2.

Møtet slutt kl 13 00.

3 vedlegg.

| | | |
|---------|---|--|
| Vedlegg | 1 | Presentasjon, historikk med mer. |
| Vedlegg | 2 | Spørsmål lagt fram i møtet / kom fram i møtet. |
| Vedlegg | 3 | Tal frå opplysningskontoret for vegtrafikk 2013. |